

Endringar i den differensierte arbeidsgjevaravgifta – Konsekvensar for næringslivet i Sogn og Fjordane

Frå 1. juli i år vert det innført eit nytt regelverk for regionalstøtte i EØS-området, noko som krev tilpassingar i den differensierte, norske arbeidsgjevaravgifta. Dette inneber at nokre næringar¹ må betala 14,1 prosent i arbeidsgjevaravgift i staden for dagens 10,6 prosent.

Verksemder i kommunane Flora, Førde og Sogndal vert ikkje råka av endringane, fordi desse betalar 14,1 prosent arbeidsgjevaravgift etter dagens ordning. Heller ikkje verksemder i dei 23 andre kommunane vert råka dersom dei betalar ei arbeidsgjevaravgift på lønsutgifter mindre enn om lag 12,85 mill.kr. årleg, fordi dei då får kompensert dette etter regelverket for bagatellmessige stønader. I våre utrekningar legg vi til grunn at denne kompensasjonsordninga held fram, men dette er framleis ikkje avklart.

Vi har diverre ikkje tilgang til data for alle dei råka næringane, fordi mange av dei (særleg innan industrien) har så lite omfang at Statistisk sentralbyrå ikkje offentleggjer tal på løn og verdiskaping. Vi har difor vore nøydde til å henta ut data på eit meir overordna nivå, noko som gjer at vi får med fleire verksemder enn dei som vert råka av avgiftsendringane.

Vi har henta ut data på desse næringane:

- Næringane 05 – 09: Bergverksdrift og utvinning av olje/gass,
- Næringane 16, 19, 20, 24: Trelast- og trevareindustri, petroleums- og kolvareindustri, kjemisk industri og metallindustri
- Næring 35: Kraftforsyning
- Næringshovudområde H: Transport og lager,
- Næringshovudområde K: Finansierings- og forsikringsverksemd

Dermed vil vi og overvurdera effektane av endringane, og då særleg innan industrien. Når det gjeld verknadene for transport og lager, finansiering og forsikringsverksemd og i stor grad bergverksdrift og utvinning av olje/gass vil våre utrekningar vera meir treffsikre.

Konklusjon

Tabell 1. Resultat

	<i>Auka arbeidsgjevaravgift (i kroner per år)</i>
Bergverksdrift og utvinning av olje/gass	1 238 054
Trelast- og trevareindustri, petroleums- og kolvareindustri, kjemisk industri og metallindustri	31 017 182
Kraftforsyning	3 583 998
Transport og lager	14 900 884
Finansiering og forsikringsverksemd	677 329
Sogn og Fjordane²	51 417 447

Kjelde: SSB og egne utrekningar

¹ Kva næringar dette er, sjå avsnittet «næringar råka av auke i arbeidsgjevaravgifta» bak i notatet.

² Sogn og Fjordane utanom Flora, Førde og Sogndal.

I følgje utrekningane våre vil arbeidsgjevaravgifta for verksemder i dei råka næringane auka med om lag 50 mill.kr. per år. Av dette vil avgifta i industrien auka med om lag 30 mill.kr og i transport og lager med om lag 15 mill.kr. For dei andre næringane vil avgiftsauken ha små verknader.

Som tidlegare nemnt, vil avgiftsauken for industrien truleg bli mindre enn det desse utrekningane viser, fordi vi har inkludert for mange verksemder.

Dersom vi skal gjera meir nøyaktige utrekningar, må vi tinge eit meir detaljert datamateriale frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Berekningsopplegg

Statistikk viser at det er 4976 sysselsette i dei 5 næringsgruppene som vert råka av endringane i arbeidsgjevaravgifta. Det er ikkje alle desse verksemdene som vert råka, men på grunn av manglande, detaljert statistikk er det ikkje mogleg å finna talet på sysselsette akkurat i dei bransjane som får høgare arbeidsgjevaravgift.

På bakgrunn av statistikk over månadleg løn for heiltidstilsette i dei aktuelle næringane på landsplan, har vi gjort eit overslag over løn per sysselsett i dei aktuelle næringane i 2012.

Tabell 2. Talet på sysselsette og løn per sysselsett i dei aktuelle næringane i 2012

	<i>Talet på sysselsette i 2012</i>	<i>Løn per sysselsett i 2012</i>
Bergsverksdrift og utvinning	151	465 434
Trelast- og trevareindustri, petroleums- og kolvareindustri, kjemisk industri og metallindustri	1808	524 537
Kraftforsyning	597	417 959
Transport og lager	2136	416 779
Finansiering og forsikring	284	614 357
Sogn og Fjordane³	4976	

Kjelde: SSB og egne utrekningar

Ved å gonga talet på sysselsette med berekna løn per sysselsett finn vi lønkostnadene i dei aktuelle næringane i 2012. Dette utgjer grunnlaget for arbeidsgjevaravgifta, og dersom alle verksemdene i dei aktuelle næringane skulle betalt full arbeidsgjevaravgift på 14,1 prosent, kunne vi gonga grunnlaget med auken i avgiftssats (3,5 prosent) for å finna veksten i arbeidsgjevaravgifta. Då ville vi fått ein auke i arbeidsgjevaravgifta på vel 80 mill.kr. per år, i fråvær av ordninga med bagatellmessig stønad. I våre utrekningar legg vi likevel til grunn at denne kompensasjonsordninga held fram. Då vil auken i arbeidsgjevaravgifta bli monaleg mindre.

Ordninga med bagatellmessig stønad inneber at verksemdar som etter noverande ordning betalar 10,6 prosent arbeidsgjevaravgift, får ein kompensert inntil 450 000 kroner når dei må betala høgare avgiftssats (14,1 prosent). Ei verksemd som har lønnskostnader under 12,85 mill.kr. vert difor fullt ut kompensert for avgiftsauken (12,85 mill.kr. * 3,5% avgiftsauke = 450 000 kroner). Verksemdar med høgare lønnskostnader vil dermed ikkje få full kompensasjon og vil difor merke avgiftsauken.

I våre utrekningar har vi lagt til grunn at med eit gjennomsnittleg løn per sysselsett på om lag 450 000 kroner vil verksemdar med under 25 – 30 tilsette ikkje få nokon avgiftsauke, medan verksemdar med fleire tilsette vil få full effekt av auken. Med utgangspunkt i statistikk over verksemdar i dei aktuelle næringane og talet på tilsette i desse verksemdene, har vi rekna ut storleiken på lønsumutgiftene i kvar næring som ikkje vert del av det nye avgiftsgrunnlaget. Desse er så trekte ut frå lønnskostnadene for å koma fram til den delen av lønnskostnadene som utgjer grunnlaget for den høge arbeidsgjevaravgifta..

³ Sogn og Fjordane unnateke Flora, Førde og Sogndal.

Tabell 3. Auke i arbeidsgjevaravgifta per år i dei aktuelle næringane

	<i>Lønnskostnadene i 2012</i>	<i>Auka arbeidsgjevaravgift utan bagatellmessig stønad (i kroner per år)</i>	<i>Auka arbeidsgjevaravgift med bagatellmessig stønad(i kroner per år)</i>
Bergsverksdrift og utvinning	70 280 516	2 459 818	1 238 054
Trelast- og trevareindustri, petroleums- og kolvareindustri, kjemisk industri og metallindustri	948 362 834	33 192 699	31 017 182
Kraftforsyning	249 521 463	8 733 251	3 583 998
Transport og lager	890 239 538	31 158 384	14 900 884
Finansiering og forsikring	174 477 498	6 106 712	677 329
Sogn og Fjordane⁴	2 332 881 848	81 650 865	51 417 447

Kjelde: SSB og egne utrekningar

I følgje utrekningane våre vil arbeidsgjevaravgifta for verksemder i dei råka næringane auka med om lag 50 mill.kr. per år. Av dette vil avgifta i industrien auka med om lag 30 mill.kr og i transport og lager med om lag 15 mill.kr. For dei andre næringane vil avgiftsauken ha små verknader.

Som tidlegare nemnt, vil avgiftsauken for industrien truleg bli mindre enn det desse utrekningane viser, fordi vi har inkludert for mange verksemder.

Kommentarar til utrekningane

- Dette er truleg eit maksimumsoverslag, fordi næringsinndelinga i den tilgjengelege statistikken frå Statistisk sentralbyrå er for grov. Det er difor ikkje alle verksemdene i dei fem bransjane som vert råka, men på grunn av manglande, detaljert statistikk er det ikkje mogleg å finna talet på sysselsette akkurat i dei bransjane som får høgare arbeidsgjevaravgift.
- Også bransjane 70.10 – Hovudkontortenester og 70.22 – Bedriftsrådgeving og annan administrativ rådgeving får høgare arbeidsgjevaravgift. Desse er ikkje inkludert i utrekningane våre.
- Den bagatellmessige stønaden for vegtransportføretak er 225000 kroner, medan stønaden er 450000 for dei andre næringane. Vi har tatt utgangspunkt i ein stønad på 450000 i alle næringar.

Næringar råka av auke i arbeidsgjevaravgifta

Næring 05 – Bryting av steinkol og brunkol

- Næring 06 – Utvinning av råolje og naturgass
- Næringsgruppe 07.21 – Bryting av uran- og thoriummalm
- Næringsgruppe 08.92 – Stikking av torv, men berre dersom det er for energiføremål.
- Næringshovudgruppe 09.1 – Tenester knytt til utvinning av råolje og naturgass.
- Næringshovudgruppe 09.9 – Tenester knytt til anna bergverksdrift, men berre dersom det er tenester knytt til bryting av uran- og thoriummalm eller bryting av steinkol og brunkol.
- Næringsgruppe 16.29 – Produksjon av andre trevarer og varer av kork, strå og flettematerial, men berre dersom føremålet er å produsera ved og pellets for energiføremål.

⁴ Sjå fotnote 1.

- Næring 19 – Produksjon av kol- og raffinerte petroleumsprodukt, men berre dersom produkta vert produserte for energiføremål.
- Næringsgruppe 20.13 – Produksjon av andre uorganiske kjemikaliar, men berre dersom aktiviteten består i beriking av uran- og thoriummalm.
- Næringsgruppe 24.46 – Produksjon av kjernebrensel
- Næringsgruppene 35.11, 35.12 og 35.13 – Produksjon, overføring og distribusjon av elektrisitet.
- Næringsgruppene 35.21 og 35.22 – Produksjon og distribusjon av gass.
- Næringshovudgruppe 35.3 damp- og varmtvassforsyning.
- Næringshovudområde H – Transport og lagring.
- Næringshovudområde K – Finansierings- og forsikringsverksemd
- Næringsgruppene 70.10 – Hovudkontortjenester og 70.22 – Bedriftsrådgjeving og annan administrativ rådgjeving, når desse vert ytt innafor eit konsern.